



Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gry Walle, 5557 2332

Fråsegn - uttak av vatn - regulering - Storavatnet - landbasert oppdrett - Askøy

Statsforvaltaren meiner det bør leggst til rette for utvandring av ål i perioden september - november.

Vi viser til oversending datert 20. april i år som gjeld søknad om konsesjon til uttak av vatn og regulering av Storavatnet i Askøy kommune.

Om søknaden

Mowi AS planlegg å utvide stamfiskanlegget i Tveitevågen i Askøy kommune, og søker om konsesjon til uttak av vatn og regulering av Storavatnet. Det skal ikkje sleppast minstevassføring utover lekkasje frå dammen på 1-2 l/s.

Det er to inntak i Storavatnet, begge på flåtar ute i innsjøen. Eit inntak kan hente vatn mellom 1 og 30 meters djup, og den andre flåten/inntak kan hente vatn mellom 1 og 18 meters djup.

	Uttak (l/s)	LRV (moh)	HRV (moh)	Minstevassføring
Dagens situasjon	0,133	12,0	14,0	Nei (lekkasje 1-2 l/s)
Søker om	0,133	12,0	14,0	Nei (lekkasje 1-2 l/s)

Det har historisk sjeldan vore naudsynt å utnytte reguleringa med meir enn 1 meter.

Vår vurdering

HRV, LRV og maksimalt uttak skal ikkje endrast. Tidlegare har reguleringa av vatnet sjeldan vore fullt utnytta, vi går ut i frå at det vil skje oftare no. Dvs. at vasstanden oftare vil kunne gå ned mot LRV med utvidinga. Søknaden er ikkje klar på endring i vasstand og vassføring frå dagens reguleringspraksis til ny.



Storavatnet er registrert som eit særst viktig friluftsområde¹ og mykje brukt rekreasjonsområde. Blir vatnet tappa ned mot LRV oftare enn det som har vore tilfelle til no, kan det påverke friluftslivet knytt til vatnet ytterlegare.

Det er ikkje oppgang av anadrom fisk til Storavatnet, og elva nedstraums har vore delvis tørrlagt i over 100 år. Ål kan vandre opp, og er registrert i vatnet. Det er i dag ikkje slepp av minstevassføring, og heller ikkje søkt om. Ålelarver er dyktige til å ta seg fram, noko registrering av ål i vatnet tyder på. Det kan likevel vurderast om oppvandringa kan gjerast lettare med åleleder.

Ålen vandrar i hovudsak ut på hausten (september-november), og utvandringa er i stor grad nedbørsstyrt. I dag vandrar dei ut i periodar med overløp. Vi går ut i frå at det vil vere periodar med overløp om hausten kvart år framover òg, men at det kan komme tørre periodar og år som vil påverke utvandringa av ål. Om det ikkje alt er ein moglegheit i dag, bør det leggst til rette for å sikre overløp i periodar i september - november i tørre år/periodar framover, td. med bjelkestengsel.

Konklusjon

Vi meiner det bør leggst til rette for utvandring av ål med overløp i perioden september - november.

Med helsing

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Gry Walle
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Askøy kommune

Vestland fylkeskommune

Miljødirektoratet

Klampavikvegen 1

Postboks 7900

Postboks 5672 Torgarden

5300

5020

7485

KLEPPESTØ

BERGEN

TRONDHEIM

¹ Naturbase.no